



Bygdas eigen kunstnar Tor H. Myklebust kan i dag få ei gladmelding: Hans stolte symbol for båtlaget har kome på plass på moloen etter å ha vore til restaurering i 2 år. Den nye leiinga i båtlaget tok eit initiativ etter påtrykk, ikkje minst frå ein utålmodig, 88 år gamal kunstnar.

Det var rotstokken som måtte skiftast ut etter å ha vorte sterkt roteskada gjennom dei 14 år som hadde gått sidan symbolet vart laga og montert opp i båthamna.

No er stokken skifta ut med stål som ikkje kan rotne og som i tillegg harmonerer fint med B-en i symbolet. Eidsvik Skipsbyggeri har stått for jobben med fundamentet og dei laga også i si tid B-en. Båten i skulpturen er trykkimpregnert og bør halda i mange år.

Det som er gjort har utan tvil gjeve kunstverket til Myklebust ei lang levetid og båt-turistane ei meir verdig velkomsthelsing til Uskedalen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen